

# Retningslinjer for høgskulelektorar i doktorgradsløp ved Høgskulen i Volda

Retningslinjer for høgskulelektorar i doktorgradsløp ved Høgskulen i Volda	
<b>Dokumenteigar:</b> Forskingsadministrasjonen	<b>Lagt fram for Forskingsutvalet:</b> 05.10.2023.
<b>Dokumentansvarleg:</b> Forskingsadministrasjonen	<b>Fastsett av direktør:</b> 18.06.2024
<b>Gyldig for:</b> Høgskulelektorar i doktorgradsløp	<b>Versjon:</b> 1
<b>Regulert av:</b> Studieforskrifta	

## 1. Føremål

Kvalifisering til doktorgrad skal normalt skje gjennom tilsetting i ordinær stipendiatstilling. Føremålet med denne ordninga er at Høgskulen i Volda skal få fleire tilsette med doktorgrad på prioriterte fagfelt der det er utfordrande å rekruttere førstekompetente. Retningslinjene skal gi tydelege rammer, like vilkår for dei som gjennomfører eit slikt doktorgradsløp og sikre gjennomføring av doktorgradsprojektet.

## 2. Avgrensing

Retningslinjene gjeld høgskulelektorar som skal starte eit doktorgradsløp utan å vere tilsett som stipendiatar.

## 3. Ordninga

Vilkår for å kunne søkje på denne ordninga:

- Det skal normalt ikkje ha vore utlyst ph.d.-stilling ved HVO på aktuelt fagområde det siste året.
- Søklar må vere fast tilsett per 1. juni 2024 og fortrinnsvis i heil stilling.
- Søklar bør fortrinnsvis ha karakteren A eller B på mastergraden.
- Det er ein føresetnad at kandidaten søker opptak på doktorgradsprogram på HVO. Unntak kan verte gitt i særlege tilfelle dersom HVO treng førstekompetanse i fagmiljø der vi ikkje har eige doktorgradsprogram. Dette må kome fram i utlysinga.
- Det vert avtalt ei bindingstid på 2 år etter at kandidaten har avslutta deltakinga i ordninga. Dette punktet vert inkludert i arbeidsavtalen.

Utlysing vert kunngjort av avdelinga etter avklaring med direktør. Søknad skal sendast til avdelinga ved dekan. Søknaden skal innehalde prosjektskildding med framdriftsplan.

Dekanen godkjenner søknaden ut frå ei samla vurdering. Det vert lagt vekt på mellom anna:

- kvalitet på prosjektskilddinga og framdriftsplan
- kompetansebehov i avdelinga og projektet sin relevans for HVO herunder prioriterte område i gjeldande strategiplan
- kandidaten sine føresetnadar for gjennomføring
- økonomiske rammer

Val av doktorgradsprogram skal godkjennast av dekan. Dekan gir tilsegn på finansiering og opprettar kandidatmappe i arkivsystemet.

### 3.1. FoU-tid

Høgskulelektorar som er omfatta av desse retningslinjene skal som hovudregel gjennomføre doktorgradsprogrammet på maksimalt fem år. Samla FoU-tid skal utgjere 3 årsverk, inkludert to FoU-stipend. Det er avdelinga som dekker FoU-tida utanom FoU-stipenda. Eventuelle forlengingar av doktorgradsløpet er omtalt i punkt 5.

### 3.2. Driftsmidler

Dekan avgjer i det enkelte tilfellet behovet for driftsmidler.

### 3.3. Gjennomføring og oppfølging

Doktorgradsarbeidet skal skje under individuell rettleiing. I tillegg er det forventa at kandidaten:

- deltar i eit aktivt forskingsmiljø ved HVO
- følgjer planen om framdriftsrapportering på sitt doktorgradsprogram
- skal levere kopi av framdriftsrapportering frå eksternt program til dekan som arkiverer den i kandidatmappa i arkivsystemet

Kandidaten må sjølv ta initiativ til ein oppfølgingssamtale med dekan kvart halvår. Dekan følger opp dersom dette ikkje vert gjennomført. Referat frå samtalen vert lagt i kandidatmappa. Seinast seks månader før den avtalte perioden vert avslutta skal dekan gjennomføre ein samtale som avklarar rammene for slutføring av doktorgraden.

## 4. Oppstart og vilkår

Det er ein føresetnad for oppstart i ordninga at ein kan dokumentere opptak på doktorgradsprogram. Dekan arkiverer dokumentasjonen. Forskingsadministrasjonen og økonomikontoret skal stå på kopi. Endeleg plan for doktorgradsutdanning skal vere godkjent og avtalefesta før oppstart. Endeleg plan skal verte arkivert i kandidatmappa.

### 4.2. Arbeidsstad

Arbeidsstad er Høgskulen i Volda.

### 4.3. Kontor og infrastruktur

HVO skal syte for tenlege kontor og utstyr. Tilsette ved HVO har allereie standard IT-pakke. Anna nødvendig IT-utstyr må kjøpast inn gjennom HVO si IT-avdeling og dekkast av eventuelle driftsmidler eller avdelinga.

## 5. Fråvær og forlenging av perioden

Ein kan i særskilde tilfelle søkje om forlenging av perioden for forhold som har vore til hinder for progresjonen.

Kandidaten søkjer om forlenging til dekan. Ein må dokumentere at doktorgradsutdanninga vil kunne verte fullført innan forlenginga sitt utløp. Dette kan mellom anna skje ved uttale frå hovudrettleiar.

## 6. Avslutting av doktorgradsutdanning før disputas

Dersom kandidaten sluttar på doktorgradsprogrammet, returnerer kandidaten til stilling som høgskulelektor med dei vilkåra som elles gjeld for denne stillingskategorien. Kandidaten får ikkje høve til å nytte eventuelle resterande driftsmiddel eller gjenståande FoU-stipend.